



## Møteprotokoll for Arbeidsmiljøutval

**Møtedato:** 16.09.2019

**Møtestad:**

**Møtetid:** 09:00 - 11:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Anne Britt Almelid	SA	Medlem	
Kristin Meiling		Arbeidstakerrep.	
Nina Bolstad Eidsnes	SA	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Kari Øvretveit		Arbeidstakerrep.	Hadde ikkje fått innkalling

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Møtesekretær	
Ove Sæbø	Assisterande rådmann		
Tom Kristian Imsland	Politikar		Meldt forfall

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
009/2019	Godkjenning av innkalling og sakliste
010/2019	Godkjenning av møteprotokoll
011/2019	Referatsaker
012/2019	Orienteringssaker

**Notat frå møtet:**

009/2019: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Merknad: Kari Øvretveit frå Utdanningsforbundet hadde ikkje fått innkalling, og møtte ikkje då ho ikkje visste om møtet. Adm skal sjekke opp i kvifor det ligg ulik informasjon om kven som er medlemar i AMU på heimesida og møteportalen.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

010/2019: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:

Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

---

011/2019: Referatsaker

Behandling:

Ingen referatsaker

Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

---

## 012/2019: Orienteringssaker

### Behandling:

Orientering om ny brannstasjon.

- Planteikningar er sendt ut i forkant med førespurnad om godkjenning pr. e-post/tlf.

AMU godkjente teikningar/planane i forkant av møtet (pr. tlf/SMS/oppmøte). Rådmann Jo Tømmerbakke orienterte om bakgrunn for ny brannstasjon og om krav frå Arbeidstilsynet om tilbakemeling frå AMU innan 16.09.19. Dette gjorde at godkjenninga frå AMU måtte gå pr. epost i forkant av møtet.

Orientering arbeidsmiljø:

- Medarbeidarundersøking 2019 blant alle tilsette i Modalen kommune.
- Vernerundar 2019

Ove orienterte om, og beklaga, at HTV og AMU ikkje vart inkludert i forprosessen til medarbeidarundersøkinga. Medarbeidarundersøkinga 2019 rettar merksemda mot psykososialt arbeidsmiljø planlagt med oppstart 23. sept. Planlagt å gjennomførast kvart 2. år.

Ove orienterte om at rutine for vernerundar no ligg til grunn for gode prosessar i heile kommunen. AMU tek orienteringa til etterretning og stiller seg bak medarbeidarundersøkinga slik ho er planlagt gjennomført.

Orientering om sjukefråver 2. kvartal.

Ove orienterte om sjukefråver 2. kv 2019 på 7,7 %. Aktuelle einingar med høgare fråver enn 6,5 % over 2 kv eller meir utfører kartlegging og analyse for å sikre best mogleg tiltak. Me såg på inndeling mellom korttids- og langtidssjukfråver, arbeidsplassrelatert fråver m.m.

AMU peiker ut valstyre (1 – 3 personar) til arbeidet med å finne nye verneombod. Aktuell kandidat: ass. rådmann Ove Sæbø. Det kan leggjast fram forslag om andre/fleire.

AMU samde om at Ove vert valstyre. I praksis omhandlar dette å administrere prosessen med å utpeike nye verneombod. I samband med dette arbeidet vil me søkje å få på plass ei retningsline for korleis gjennomføre prosessen.

Statusrapport frå bedriftshelsetenesta. Gerd frå Salutis/BHT gjekk gjennom status for handlingsplanen 2019.

Eventuelt

Ove orienterte om at pleie og omsorg gjer godt arbeid når det gjeld å melde avvik – samt følge opp desse. Dette til inspirasjon for andre. Mykje god læring!

Ove spela inn problemstilling som rettar seg mot vurdering av inndeling av verneområde (verneombodsarbeidet).

AMU samde om at verneombodsgruppa tek dette opp til drøfting, for så å løfte inn til AMU.

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

